

Jakob Sande
senter for forteljekunst på Vestlandet

«Det lyser i stille grender»

«Det levande ordet»



Innhald

| | |
|--|----|
| Føreord | 3 |
| Samandrag | 4 |
| På veg mot eit Jakob Sande senter | 6 |
| Ressursar av nasjonal verdi | 6 |
| Krafta i forteljingane | 7 |
| Tilråding | 9 |
| Mål | 9 |
| Senteret sine oppgåver er | 9 |
| Organisering og ressursbehov | 10 |
| Ei forteljing om Jakob Sande | 13 |
| Prioriterte prosjekt, produksjonar og arrangement dei første 3 åra | 15 |
| Fabel - Etablere eit barne- og ungdomsteater | 15 |
| Da Daniel drog- Nytt programfag i vidaregåande skule | 15 |
| Frå Sunnfjord til Rio-internasjonale stemmer | 16 |
| Det levande ordet- program for forteljing og samtale og ein levande utstilling | 16 |
| Då Gud held fest i Fjaler- scenekunst | 18 |
| Ormeljod – song, komposisjonar og konsertar | 18 |
| Klokkgarden | 18 |
| Det lyser i stille grender – oppgåver for ein liten og kraftfull administrasjon: | 19 |
| Sagt om Jakob Sande | 20 |
| VEDLEGG 1 Driftsbudsjett | 21 |

Føreord

I desember 2018 er eg i Dale, for saman med gode folk, finne ut korleis diktinga og arven etter Jakob Sande skal gjere oss rikare. Og ein kveld går eg aleine ut gjennom den kvitmalte døra i Klokkargarden, ned steintrappa, ut på rimfrose gras, og over meg er tindrande stjerner i svarte natta. Fjell og hav og kyrkja skin med månen og kulda, og frå vindauge i dei kvite husa i grenda strøymer varmt lys. Da forstår eg at her lyser det i stille grender, her er dei stille grender og i denne augeblinken er eg i barndomen.

Liv Hege Skagestad, mars 2019

Samandrag

Jakob Sande - selskapet blei etablert i 1991 og har som formål å styrke interessa for Jakob Sande sitt forfattarskap og anna kunstnarleg verksemd. Selskapet har gjennom stort frivillig arbeid, ulike prosjekt og arrangement som litteraturkeldar, artiklar, biografiar, scenekunst og seminar gitt mange fleire djupare kjennskap til Sande si rike dikting. Selskapet har restaurert Klokkargarden som no er svært eigna for ulike arrangement og bustad for forfattarar som kjem på kortare eller lengre besøk. Og dei har gjort synleg den skaparkrafta som har vore og er ved Dalsfjorden.

I 2018 går selskapet, fylkeskommunen og kommunar, mellom anna etter oppfordring frå kulturministeren, i gang med å bygge opp ei større verksemd, eit senter med utgangspunkt i arven etter Jakob Sande. Eit forprosjekt som skal ende i ei tilråding om mål, innhald, organisering og finansiering av eit senter blei sett i gang. Forprosjektet vart finansiert i eit samspel mellom Fjaler kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og nokre av kommunane i regionen. Jakob Sande-selskapet engasjerte ein prosjektleiar. I arbeidet har det vore nært dialog mellom prosjektleiar, leiinga og styret i Sande-selskapet, ordførar og kultursjef m.fl. i Fjaler kommune, det er halde to møte med leiinga i nærings- og kulturavdelinga i fylkeskommunen og samtale med folk og miljø som har interesse og kompetanse knytt til Jakob Sande og forteljekunst: Teaterfestivalen i Fjaler, Preform, United World Collage, Dale vidaregaande skule, Dale ungdomsskule, Kulturskulen i Dale, Fylkesbiblioteksjef, Leiari i Sunnfjord museum, Den kulturelle skulesekken, Det Norske Samlaget, Nynorsk kultursentrum, Oslo Met, Jan Inge Sørbø, Jon Fosse, Den mangfaldige scenen og Goethe instituttet i Noreg. Fram til juni 2019 vil det bli halde møte med mellom anna kulturdepartementet og private stiftingar.

Dette dokumentet inneholder konklusjonane frå forprosjektet pr 1. april 2019:

Vi tilrår at selskapet saman med offentlege myndigheter og private aktørar etablerer
 «Jakob Sande – senter for forteljekunst».

Senteret skal forske i og formidle Jakob Sande si dikting, nynorsk språk og kultur, og det skal vere ein stad som får fram mangfold av forteljingar og nye røyster. Ein liten, profesjonell og dyktig administrasjon skal bygge opp senteret i løpet av 3 år ved gjennomføring av satsingane:
Fabel, Da Daniel drog, Frå Sunnfjord til Rio, Det levande ordet, Da Gud heldt fest i Fjaler, Voggesong og Ormeljod, Klokkargarden, Det lyser i stille grender.

Heimen til senteret er Klokkargarden, men senteret vil stå bak aktivitetar i heile regionen i samspel med ulik organisasjonar og miljø. Senteret vil ha nasjonalt og internasjonalt samarbeid. Målgruppa er barn og unge (i barnehage, skule, fritid), studentar, lærarar, forfattarar, særlege talent og folk frå alle miljø med ulik kulturell og fagleg bakgrunn.

«*Jakob Sande meiner eg er undervurdert som diktar, dei beste dikta hans er mellom det beste skrive på norsk, til dømes «Då Gud heldt fest i Fjaler».*»

Jon Fosse

«*Et hus fylt av blanke ark, der man kan skrive en ny fortelling. Et hus fylt av skaperkraft, som gir liv til ordet som kommer. Et hus fylt av historie som man kan lene seg på der man står*»

*Sarah Camille- slampoet, forteljar-
om eit senter for forteljing på Vestlandet*

På veg mot eit Jakob Sande senter

Ressursar av nasjonal verdi

«Sande – selskapet forvaltar to hovudressursar av vesentleg verdi : - Vi har Jakoben si dikting. Hans rike skrivekunst målar eit bilde av samfunnet, folkelivet, kampen for tilverret, humoren, dramaet, sorga – skildra gjennom dikt og noveller med høg kunstnarleg verdi. Ei dikting som har hatt ei stor lesarskare og venneskare, som gler seg uendeleg over diktinga –og som kunne bli mange fleire om vi når fram til dei med diktinga.

- Og vi har Klokkgarden, eigedomen med bestefarsstaua, løa, som har blitt eit samlande kulturhus trygt integrert i bygningsmiljøet og med våningshuset, som no står fram nyoppussa. Tunet viser langt på veg bygningsmiljøet slik det var når Jakob Sande vaks opp. Det er ein stor ressurs som samlingsstad. Tunet er ein base for nye aktivitetar, nye innfallsvinkla , knytt opp til "Sandehistoria, som vi har rike spor etter i tunet.. Og Dale/Fjaler har ein rik forteljartradisjon, som Jakob Sande òg er ein del av, og i eit slikt litteratursenter som Sande-tunet ville vere, vil denne tradisjonen bli viktig element og bli teken vare på.»

Edvin Helgheim –Sande selskapet

Jakob Sande si dikting er av nasjonal og internasjonal verdi. Han er ein av dei aller største diktaren på vestlandet, han er ein av dei forfattarane som folk i alle miljø har sitert, sunge, lest og gjort til sin. Han var ein fornyar av det nynorske språket. Han er unik i sin skildring av dei mest utsette i samfunnet. Han får fram det sårbare, men utan sentimentalitet. Han gir difor ikkje svar, men maner fram ein dialog mellom tekst og leseren, der det til slutt er leseren som må ta stilling. Han er naturalist og skil seg frå anna heimstaddikting ved sitt kritiske blikk på alle. Diktinga er ei motstemme til etablert makt. Han representerer ein skrivekunst og forteljarevne som motiverer lesarane til å finne sitt eige språk, til forteljing, til leik, til å komponere og synge, å skape dialog, til å vere i tvil, til innsikt og forstand. Ein helt sentral inspirasjonskjelde i kunstnarskapet er forteljekunsten.

Sande si dikting er skapt med utgangspunkt i eit samfunn som trekte til seg folk frå ulike miljø, der entreprenørskap, bygging av skular, kampen for nynorsk språk og motkultur stod sterkt. I like stor grad er Dalsfjorden i 2019 ein viktig møtestad for ulike og skapande folk og ein stor ressurs i regionen og i landet. Hit flyttar kunstnarar, næringsfolk og pedagogar heim og til og blir verande. Her er det bygd opp ein nasjonalt og internasjonalt anerkjent teaterfestival – *Teaterfestivalen i Fjaler*. Her er i tillegg til grunn- og vidaregåande skule, *United World Collage (UWC)*. Her er Vevang - ei verna bedrift som set spor, *Haugland Rehabiliteringssenter*, og *Nordisk kunstnarsenter*. Bygda er heim for flyktingar og har eit vaksande gründermiljø innan IT og miljøvennleg energi. Her er vennelag, sogelag, idrettslag, ungdomslag, bygdekvinnelag, skyttarlag som saman med offentleg aktørar og privat næringsliv skapar opplevingar, aktivitet, fellesskap.

Klokkgarden, der Jakob Sande veks opp, er saman med andre bygningar på 1000 års staden, eit kulturmiljø av nasjonal verdi. Staden er den naturlege ramma for eit senter for forteljekunst. Bygningsmassen og tunet er tatt godt vare på, og her er gode rom for ulike arrangement. Ei etablering av eit Jakob Sande senter vil difor ikkje krevje store investeringar i bygningsmasse.

Krafta i forteljingane

"I Noreg har vi *Nasjonalt senter for skriveopplæring og skrivingforskning* (Trondheim), *Skrivekunstakademiet i Hordaland* (Bergen) og *Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning* (Stavanger). Derimot manglar vi eit norsk senter for forteljekunst. Vi treng eit norsk senter for forteljekunst."

28. mars 2019

Gunnstein Akselberg- professor i språk

Vår definisjon av forteljekunst- eller kunsten å fortelje – og verdiar knytt forteljekunst, er illustrert ved figuren nedanfor.



Gjennom ratifiseringa av UNESCO-konvensjon har Noreg forplikta seg til å verne og vidareføre immateriell kulturarv. Utøvande kunst, munnlege tradisjonar og uttrykk er eit av føremåla.

Regjeringa har nyleg lagt fram ei kulturmelding *Kulturens kraft* (Meld. St. 8, 2018-2019) som legg vekt på danning. «Danning handlar om å setje enkeltmennesket i stand til å vere aktive borgarar i samfunnet, uttrykkje seg og ta sjølvstendige val som byggjer på forståing og respekt for andre.»¹ Dette mellom anna ved at folk får møte eit mangfald av kunst- og kulturuttrykk og at alle barn og unge skal ha høve til å ta del i kulturlivet. I 2019 kjem også ei språkmelding. Det nye Vestland fylke har vedteke at fylket skal ha ei særskilt satsing på nynorsk.

Fylkeskommunen har peika ut Fjaler som eit prioritert området når det gjeld kultur.

I eit relativt oppdelt (sektorisert) samfunn søker både kunstnarar, akademikarar og institusjonar (som Kunsthøgskolen) etter stader der ulike folk og kunstformer møter kvarandre. Erfaring frå arbeidet i Nynorskens hus i Oslo viser at slike møter og samarbeid bringer fram nye uttrykk, gjer at fleire folk frå ulike miljø får tilgang til kunst og kultur og det oppstår ny kunnskap og nye fellesskap

Kunst- og kulturlivet (som institusjonar med ansvar for litteratur, film, scenekunst) søker kontinuerlig etter nye stemmer og uttrykk. T.d er Det Norske Samlaget på jakt etter nye nynorske forfattarar og ser at eit Sande-senter kan få fram slike talent.

Noreg er eit mangfaldig samfunn, der mange menneske er på vandring. Her er folk med historier og kultur og kunnskap, ein global og lokal skatt, som ikkje er tilstrekkeleg synlege i det offentlege rommet. Kulturinstitusjonar i Europa etterlyser unge stemmer og uttrykk frå stader utanfor de store byene. Det er viktig for kunsten, demokratiet, ytringsfridom, for enkelmenneske og fellesskap at mangfaldet av forteljingar og forteljarstemmer kjem fram. Det er viktig for bygginga av Noreg at det finst stadar og miljø der folk med ulik bakgrunn og kompetanse kjem saman. Det er også viktig med stader der menneske kan finne ro til refleksjon. Kunsten har ein svært viktig rolle i å bringe fram det som er i oss som menneske og samfunn. Slik Jakob Sande si dikting gjer. Slik Teaterfestivalen i Fjaler gjer.

Alle dei nynorske litteraturhusa har ein eller fleire forfattarar som utgangspunkt, men sentera har også det Ottar Grepstad kallar «ein høgare himmel». Vinje-senteret har journalistikk, Aasentunet har skriftkultur, Haugesenteret har poesi. Allereie i dei innleiande drøftingane om eit framtidig Sande-senter peika selskapet og Grepstad på forteljekunsten som «ein høgare himmel».

Jakob Sande sin forfattarskap, Klokkargarden, og den kulturen som har vore og er i Fjaler, representerer eit kraftsenter for forteljekunst. I samarbeid med andre kunst- og kulturarenaer i Vestlandet, næringsliv og skule, kan senteret vere drivkraft i utvikling av tenking og praksis om forteljing og danning, ein vestlandsk danningskultur- «Vestlandskoden». Etablering av eit Jakob Sande-senter vil vere med å gjere internasjonale, nasjonale, regionale og lokale mål til røyndom.

¹. I eit danningsperspektiv er det også interessant å sjå til filosofen Gadamer som legg til grunn at tekstu, tale eller handlingar begynner aldri på bar bakke, utgår aldri frå eit kunnskaps- og forståingsmessig nullpunkt. Vi har alle vår individuelle, nasjonale og kulturelle arv og bakgrunn som bestemmer ein «horisont»: vår intellektuelle synsrand. Men både «horisonten» og situasjonen vil stadig vil bli endra fordi dei heile tida står i interaksjon og samspel med kvarandre gjennom vår interaksjon med kvarandre. Også filosofien til Arendt er interessant. Noko av det farligaste, meinte ho, var når menneska i sin iver etter å vere til nytte, handlar med automatikk. Hennar tenking er ei hylling til refleksjonen og den sunne fornuft som set mennesket i stand til å tre eit skritt tilbake frå verdas vrimmel og sjølv velje kva ein vil

Tilråding

Vi tilrår at det blir etablert eit nasjonalt og internasjonalt senter for forteljekunst i Vestland fylke

Senteret skal ha namnet «Jakob Sande – senter for forteljekunst» og ha hovudsete i Klokkgarden i Dale i Sunnfjord.

Mål

Senteret skal vere ein stad, eit miljø, ein attraksjon, ein kulturberar

- *Der folk blir kjent, kjem i dialog med og blir inspirert av Jakob Sande si rike diktning, nynorsk språk og kultur og forteljekunst på vestlandet*
- *Der folk får reiskap, rom og fridom til å utvikle sitt eige språk, og evne til forteljing og der nye røyster kjem fram*
- *Der folk møtest på tvers av alder og bakgrunn, kan lytte, observere og studere, finne ro, skape og forløyse forståing og ny innsikt*
- *Der folk kjem heim til vestlandet*

Senteret sine oppgåver er

1. *Å SKAPE. Lage utstillingar og større og mindre produksjonar og program innan forteljekunst, om den særegne kulturhistoria i regionen og Sande si diktning*
2. *DANNING ved*
 - *At folk med ulik bakgrunn får høve til å møte kvarande gjennom samtale, skapande arbeid og forteljekunst, og får rom for refleksjon*
 - *Å etablere eit barne- og ungdomsteater.*
 - *Å vere ein drivkraft for samarbeid med andre kunstnarstadar og kulturnæringer i regionen.*
3. *Å FÅ FRAM SÆRSKILTE TALENT. Bygge opp eit tilbod innan forteljekunst i den vidaregåande skulen. Delta i internasjonalt samarbeid om å få fram nye forteljingar og stemmer. Vidareutvikle forfattarbustaden.*
4. *FORVALTE GARD OG GRUNN. Ta vare på og kommunisere ut dei litterære samlingane etter Sande og produksjonane senteret står bak. Sikre bruk og vern av bygningsmassen og at folk som kjem blir tatt godt imot.*

Sande-senteret vil bidra med kapasitet inn i Teaterfestivalen i Fjaler og andre relevante produksjonar. PreForm kan vere ein viktig samarbeidspart for senteret.

Tilbodet skal gjere at

- fleire tusen folk i alle aldrar får opplevingar, kunnskap og inspirasjon knytt til Sande og forteljekunst når dei kjem til Klokkargarden og vestlandet eller der dei held til
- fleire hundre deltek i leik, på kortare og lengre kurs, samtaler, møte, verkstadar, eller meir omfattande studiar, forsking og produksjonar
- utvalte stemmer og forfattarar får rom til å skape

I perioden 2020-2023 skal vi byggje opp verksemda gjennom følgjande prosjekt, produksjonar og arrangement (figur nedanfor). Satsingane er omtalt nærmare under «*Prioriterte prosjekt, produksjonar og arrangement dei første 3 åra*»



Organisering og ressursbehov

Oppbygging av senteret må ta utgangspunkt i det lokale engasjementet og kompetansen og bygge opp organisasjonen med folk som er i bygda og regionen. I tillegg kan senteret trekke inn kompetanse og folk frå andre miljø. Senteret kan ha ein hovudbase i Dale, men verksemd i alle kommunane der det er interesse for Sande og forteljekunst (også internasjonalt).

Vi tilrår at senteret i oppbyggingsfasen er ein fristilt organisasjon som inngår i eit nettverk med andre kunstnarhus, forteljar- og skriveinstitusjonar og nynorskhus i landet. Gjennom dei 3 første åra vil ein praksis for «klyngesamarbeid» der folk, kompetanse og pengar jobbar fram aktivitet på tvers av miljø (offentleg, frivillig, privat), institusjonar, kunstformer. Etter 3 år vil det vere naturleg å vurdere på nytt om senteret skal stå fritt eller bli ein del av museet, eventuell ha anna organisatorisk tilknyting.

Senteret skal samarbeide med og utfylle eksisterande tilbod innan forteljing, språkarbeid og skapande arbeid.

Om ein på sikt skulle tenkt tilknytinga til musea ville ei konsolidering med litteraturhusa – Nynorsk kultursentrums (NKS), vore mest relevant. NKS har stadfesta at dei no ikkje kan prioritere å bygge opp eit Sande-senter som avdeling hos seg. Dei er likevel svært interessert i samarbeid om produksjonar

mv. Sande senteret er også tenkt å vere meir skapande (med ulike aktørar på scenen) enn det som er normalt for musea, noko som kan gjere konsolidering med musea mindre relevant. Det er planar om å bygge opp eit Nynorskhus i Førde, og her kan det ligge grunnlag for samarbeid om ulike prosjekt.

Senteret kan på sikt bli eit AS eller SA med eigalarar som speglar dei som har aksjar / reelle interesser i satsinga (eigedom og pengar og andre ressursar).

Selskapet (vennelaget) kan i ein slik modell vere eit strategisk og fagleg råd for senteret. Selskapet skal bidra med å bygge samarbeidsparter og finne fram til finansieringskjelder. Selskapet held fram sin verksemd med å sikre oppslutning og medlemer, dugnad, informasjon, omvising og å gjennomføre litterære kveldar i samarbeid med senteret. Selskapet kan og ta andre oppgåver.

Ein modell er at selskapet held fram som eigar av bygningsmassen, medan drift og forvaltning av bygningsmassen blir lagt til senteret.

Endeleg organisatorisk modell må drøftast nærmare med sikte på ei avgjerd i samarbeid mellom Sande-selskapet og offentlege støttespelarar.

Senteret skal ha ein oppbyggingsperiode over 3–4 år frå 2020. I perioden skal senteret ha ein minimum kapasitet til å tilsette tilsvarande 2 fulle årsverk med følgjande oppgåver:

- dagleg leiar – kunstnarleg ansvarleg og prosjektleiar forteljing (50 %)
- fagleg tilsett – litteratur, utstilling, FoU (50 %)
- søknadsskriver, produsent, administrasjon (50 %)
- tun-vert (25 %)
- kommunikasjon (25 %)

Senteret skal i tillegg ha tilstrekkelege prosjektmidlar til å gjere signalproduksjonar og skape samarbeid med andre miljø. Eventuelle midlar til opprusting og vedlikehald av bygningsmassen kjem i tillegg.

Totalbudsjett dei 3 første åra er 3–4 millionar pr. år.

Finansieringsmodellen for det siste av dei 3 første åra er:

- 38% kjem frå lokal og regionale myndigheter
- 38% kjem frå staten
- 24% kjem frå privat næringsliv/stiftingar/private aktørar/samarbeidsparter/andre inntekter

Stiftingar/private aktørar kan i mange tilfelle vere interessert i vere med å bygge opp verksemda, men etter ein oppbyggingsperiode berre gå inn i enkelte prosjekt. Det vil seie at det er det offentlege som må finansiere kjerneverksemda. Ein relevant modell på sikt er at staten er inne med 60% av finansieringa og kommunen og fylket inne med 40% (Museumsmodellen²). På sikt bør senteret ha eit årsbudsjett på om lag 6 millionar.

Garanti for ei lokal/regional offentleg finansiering må kome på plass først, skal det vere mogleg å løyse ut andre midlar. Lønn til leiing og administrasjon bør vere finansiert av det offentlege.

² I finansieringa av Haugesenteret/Ulvik er staten inne med 60 %, målet for fylket er 20 % (men førebels er dei berre inne med 16 %), og kommunen 20 % (men førebels er dei inn med 24 %).

«Framtida treng fleire røyster som skriv og fortel. Eit Jakob Sande-senter kan inspirere fleire til å sjå gleda av å bruke språket sitt til å formidle. Nynorsk kultursentrums samarbeider gjerne med aktørar som fremjer nynorsk skriftkultur.»

Per Magnus Finnanger Sandsmark – direktør Nynorsk kultursentrum

Ei forteljing om Jakob Sande

I Fjaler i Sunnfjord, der Gud held fest, der sol malar fjellet morgenraudt, der havet ryk under sønderrevne skyer, der det lyser i stille grender, blei Jakob Sande fødd i 1906. Faren var kyrkjesongar, lærar, kulturyggjar, nynorskforkjempar med ære for utbygginga av elektrisiteten (lysets fader). Mora opna husrom og hjaererom i Klokkargarden med forstand på å møte folk slik dei var, dei ulike menneska som budde i dalen, la til kai eller var splint på fjorden eller langs landevegen. Foreldra var forteljarar av rang, tenestjenta song salmar og skillingsvise og tateren Daniel skildra huldre og attargangarar.

Området rundt Dalsfjorden har alltid vore møteplass for ulike folk, og det var stor skilnad mellom fattig og rik, men samfunnet var under stadig endring og i rørsle. I denne grenda hadde Nikka Vonen bygd opp ein skule der fleire hundre jenter fekk møte og eige det levande ordet. Ho var den første sunnfjordingen som skreiv forteljingar på nynorsk skriftspråk om lag 200 år etter at Ingeborg Grytten frå Holmedal, som var spedalsk og i slekt med Holberg, skreiv noko av den første sunnfjordlitteraturen ein kjenner til. Om lag 45 sunnfjordingar hadde debutert innan skjønnlitteratur før 1929 og tekstane kan seiast å være kristelege og forkynnande, humoristiske, folkelege og skrøner og dialekter, idealistiske eller sosiale og politiske i form og innhold.

Svært kulturmedvitne og politisk engasjerte enkelmenneske prega området og bondeforeiningar, sundagsskule, ungdomslag, riksmaål og norskdomslag og folkehøgskule blei skipa og slost om plassen. Den organiserte arbeiderrørsla fekk fast feste frå 1930, men avhaldsrørsla hadde aldri sterk posisjon.

«I dette merkelege samfunnet» drakk framleis dei kondisjonerte embetsmenn, akademikarar, forretningsfolk og tilreisande kunstnarar frå inn og utland punsj, og det var dans, allsong og kortspel.

Nynorsk blei teke i bruk i Heradsstyret i 1896, i 1905 var den første messa på nynorsk, i 1906 vedtok skulestyret at nye lærebøker skulle vere på nynorsk.

Klokkargarden var eit møtepunkt mellom alle desse miljøa, og Jakob skal stille ha observert, teke inn dette livet og fortalt munnleg, med dikt og spel for eit vaksande publikum. Debuten *Svarte nætter* – der vi finn han Ole Johan, kjem i 1929 på Gyldendal Forlag, etter gymnaset på Firda og Eid og medan han studerer filologi – norsk og tysk – i Oslo. I Bondeungdomslaget i Oslo er Halldis Moren, den andre debutanten dette året, og saman driv og lev og drikk dei to slik at han tenkjer at ho må bli hans med varleg kjærleik i brev og Storm frå Vest. Men Halldis bles bort med Tarjei, og Jakob finn ikkje ord, og drar til sjøs frå Sunnfjord til Rio med Ormeljod. Han skapar Straumar i Djupet. Det han skriv er i djup kjensle med taparane, dei usle og forkomne utan sentimentalitet, viser dei fram, men gir ikkje svar. Med sin einfelte, taktfaste rytme, song han seg straks inn i unge sinn, sa det som måtte seiast greitt og tydeleg utan tåke. Skildra livet som det er. Han skriv om menneskelivets motstandsfulte, elementære drift til å klare seg som heile tida er blanda med den like elementære trøngen til å flykte frå påkjenningane, og om fluktvegane ut: om rusen og alkoholen, religiøs vekking, barnets leikande og oppfinnsame fantasi. Tekstane står i spenn mellom bøn og apokalypse. Her er folk i sjølvfornedring og audmjuk, her er sjølvhevding og kryping, frykt og frustrasjon, religiøst hysteri (verst går det utover lekpredikantane), bittert hat og mørke i kjærleiken. Han skiftar mellom ulike haldningar, utprøving av perspektiv, ei uro halde fast av språket, klangar og rimfeste. Han skriv korleis bygdefolks åtferd er resultat av dei samfunnstilhøva dei lever under: naturgrunnlaget, klasseskilja, den autoritære ideologien, bygdas isolasjon. Men her er folen, jentungen, katten og hanen og geita og leik, song og det bortkomne barnet. Og det lyser i stille grender.

Han skapar Villskog der Bygdasov og der Den gløymde spedalske er nedteikna.

Av ein slags naud tek han lærarjobb i Fredrikstad, han møter Solveig og Siri kjem til verda, og dei skil lag og han får stadig forskot på løn og stipend frå Gyldental. Han skriv om barndom og livets ende i Guten og Grenda, og bryt seg fram som ein naturkraft med ein slags nyromantikk som er rislande våreteikn over uttørka, tørstige marker. Han omset fleire av Schubert sine songar til norsk, og han, Clas Gill, Inger Hagerup, Haldis Moren Vesaas kallar seg A-laget i norsk litteratur som reiser landet rundt, med lutt, song, dikt og forteljing. Han skjemtar og drikk med Visens venner og lengtar til Sunnfjord. På Ullern gymnas kjem dag på dag etter ein rangel, med banning og VG journalist Marit Christensen ber ved avduking av bysta av Jakob mange år etter om «Måtte Gud og du Jakob Sande, i deres høye himmel, forlate oss fjortiser, dumme som brød, som ikke forsto hva vi gjorde».

Han skriv Korn og klunger om krigsseglarar og Voggevise for Siri frå ein bortkommen far. Krossen og sleggja, Sirus og Da Gud heldt Fest i Fjaler og til Margrete frå Det kveldar på Kobbeskjer.

I diktinga og fortellingane er det eit persongalleri som hos Bellmann, her er råskapen og humor og karnevalet som i Rabelais og det heslige og uskjønne som kjenneteiknar modernismen frå Baudelaire til i dag. Her er klang som hos Ferlin og Prøysen og Dickens. Her er ei sterk samkjensle med liv som stirr mot overmakt som hos Brecht, her er krefter frå Voluspaa, folkediktinga og Bibelen, her er landsbygda, naturskildringar, særleg havet, her er dyredikt som hos Duun, her er sjøviser i krig og fred som hos Grieg. Her er forteljartradisjonar frå ein kystkultur, frå dei som er farande, innvandrar og medvandrar, her er språklege fornyarar, her er former ein kjenner igjen i teatraliske forteljingar, *stand up, rap* og *slampoetry*. Over 30 komponistar har sett tonar til tekstane, og Geirr Tveitt aleine musikk til 23 av dikta. Her er eit særeige malande språk der natur og det heile og skjøre menneske møtest og meiningsstig fram og blir prøvd, her er eit ope rom slik at lesaren sjølv må ta stilling og skape forstand, her er inspirasjon for å utvide tankar om folk, for å sjå seg sjølv og ikring og kjelder til å finne fram til eige språk.

Sjølv meinte Sande at diktinga var i slektskap med Fröding, Heine og Burns.

Jakob Sande døyde i 1967, men lever vidare ved at folk syng songane, fortel og framfører dikta og les tekstane lågt og høgt, særleg av den generasjonen som var samtidig eller rett etter Sande.

Prioriterte prosjekt, produksjonar og arrangement dei første 3 åra

I perioden 2020-2023 skal vi byggje opp verksemda gjennom følgjande prosjekt, produksjonar og arrangement. Erfaringane og resultata skal danne grunnlag for ei tilråding om modell for vidare vekst av senteret.

Fabel - Etablere eit barne- og ungdomsteater.

Som ein del av teaterfestivalen har det vore sett opp gode framsyningar med unge på scenen. Både kunstnarar, kulturskulen og ulike miljø i regionen har vist ein stor interesse for å få plass eit meir permanent teatertilbod til barn og unge. Rogaland teater og Hålogaland teater har eit barne- og ungdomsteater, der unge går i skule og spelar framsyningar. I 2008 etablerte Det Norske Teatret, Bondeungdomslaget i Oslo og Noregs Ungdomslag barne- og ungdomsteatret Den mangfaldige scenen (DMS). DMS har hovudsete i Oslo/Nynorskens hus og har eit tilbod til over 300 barn og ungdom, men skal også vere inspirasjonskjelde for resten av landet.

Sande-senteret ønskjer å utvikle eit tilsvarande tilbod på vestlandet. Teateret vil ha med seg barn og unge i alderen 3–30 år frå alle miljø. Teateret skal vere ein skule, skape og produsere framsyningar og få fram særskilte talent. Det skal jobbe med ulike kunstnarlege uttrykk og nynorsk språk. Teateret vil skape møte med Sande sin diktning, andre forfattarar på Vestlandet og få fram nye forteljingar i møte mellom profesjonelle utøvarar og dei unge. Tilboden kan finne sted i fleire kommunar, men ein mogleg hovudscene og heim kan vere ungdomshuset Trudvang i Dalsfjorden.

Hausten 2019 kan det bli gjennomført eit forprosjekt med inntil 20 unge i samarbeid med DMS. Dei unge vil få tilbod innan forteljekunst, song, rørsle og mindreproduksjonar. Kursa skal og få fram unge forteljarar til utstillinga (det levande ordet, sjå nedanfor). Mogleg samarbeidsparter er Teaterfestivalen, regionteatra, ungdomslaget, Dramatikkens hus, kulturskulen/skulane, Den kulturelle skulesekken, Vevang, flyktningkontaktane i kommunen.. Den mangfaldige scenen har stadfesta at dei ønskjer å bidra i oppbyggingsfasen med noko ressursar og kompetanse. Sande-senteret vil vere ein pådrivar og ta på seg prosjektleiaransvaret i oppbyggingsfasen 2019–2023.

Da Daniel drog- Nytt programfag i vidaregåande skule

I den nye læreplanen som er på høyring er faget «kreativ skriving» teke ut som lærarmål, samstundes som norsk språk skal ha auka merksemd. Forlagsbransjen etterlyser rekruttering av forteljande og skrivande frå nynorske kjerneområde. Dei søker også etter nye stemmer som følgje av den innflyttinga som er til landet og meiner at eit studie i vidaregåande skule vil vere interessant med sikte på denne rekrutteringa, og eit viktig supplement til allereie eksisterande skrivekunstmiljø. Også innanfor scenekunst er det sterkt ønskjeleg med nye stemmer. Teknologiutviklinga gir ubegrensa rammer for forteljingar på sosiale medier, innan film og TV, men også her etterlyser ein nye stemmer og gode forteljingar. Det finst i dag ikkje eit programfag innan forteljing og kreativ skriving, men læreplanen gir skulene høve til sjølv å etablere nye programfag. Normal framgangsmåte er at skulene etablerer ei prøveordning med til dømes 3 timer i veka i 2. klasser, 5. timer i 3 klasse. Sande – senteret ønskjer å bidra til å få opp eit programfag innan forteljing i samarbeid med utvalte vidaregåande skuler, på Vestlandet, i t.d. Oslo og Fredrikstad (der Sande var lærar) frå hausten 2020 for inntil 45 elevar (15 på kvar skule). Tilboden må tilfredsstille formelle krav frå skulesystemet, og vil ta med seg erfaringane som er frå skrivekunstakademiet og forteljekunst på høgskulane. Studiet skal i sterk grad også finne rom, metodar som opnar opp for andre forteljingar og der vegen inn til å finne si stemme

blir stimulert. Dette kan skje gjennom møte mellom ungdomen og ulike kunstnarar og bransjane, produksjonar i samarbeid med andre vidaregåande skuler som jobbar med media, teknologi og drama, opphold på Klokkargarden, samarbeid mellom regionane. Eit slikt tilbod vil legge til grunn at skulens eigne lærarkrefter er studieansvarlege, men at dei trekker på eksterne timelærarar: forfattarar, forteljarar, filosofar, ulike kunstnarar. Tilboden skal bidra til å trekke unge menneske, forfattar og kunstnarar mfl. til regionen og Klokkargarden. Våren 2020 vil studieplan bli utarbeidd, og det vil vere aktuelt å prøve ut modular, delkurs for studentar som allereie er på dei aktuelle vidaregåande skulane. Oppbygginga av tilboden skal skje i regi av skulane, med Sande-senteret som ein samarbeidspart, saman med Det Norske Samlaget, høgskulemiljø innan forteljekunst, UWC.

«OsloMet – storybyuniversitet har siden 1996 arrangert studieemner i muntlig fortellerkunst. I dag er studiet en del av bachelor i Drama og Teaterkommunikasjon. Gjennom studiet arbeider studentene praksisnært med fortellinger fra ide til et performativt uttrykk. De faglige tilknyttet til studiet har i en årrekke arbeidet med å utvikle en metodologi knyttet til den muntlige fortellerkunsten. Et senter med fokus på den muntlige fortellerkunsten vil støtte opp under dette og være med på å utvide fagfeltet innenfor både det kunstneriske og det anvendte. Et slikt senter kan nyutvikle fagområdet og være med på å både samle ressurser og spre den muntlige fortellerkunsten til nye områder. Førstelektor, forteller og faglig ansvarlig for studiet ved OsloMet, Mimesis Heidi Dahlsveen, vil støtte opp under utviklingen av et senter for muntlig fortellerkunst og bidra med kompetanse og kunnskap om fagområdet.»

Heidi Dahlsveen-fagansvarleg OsloMet

Frå Sunnfjord til Rio-internasjonale stemmer

Klokkargarden er i dag residens for forfattarar. Med støtte frå mellom anna private stiftingar har utvalte forfattarar (frå inn og utland) fått stipend og opphold på garden inntil 1 månad for å skrive. Forfattarane held under opphaldet ein presentasjon for lokalsamfunnet. Ordninga har gitt nye og etablerte forfattarar rom til å skrive og inspirasjon. Tilbakemeldingane er svært gode.

Det er ønskjeleg å vidareutvikle Klokkargarden som forfattarresidens og ta imot opptil 12-15 forfattarar for lengre opphold.

Det er også eit mål å knytte til seg fleire nye stemmer og styrke det internasjonale samarbeidet. Frå 2018 har prosjekt Freiraum (i regi av Goethe-instituttet) skapt produksjonar der unge menneske definerer kva som er fridom i det nye Europa. Prosjektet skal videreførast med vekt på å nå unge i tettstedar utanfor dei største byane og også ha stemmer som speglar alle kontinent. Goethe-instituttet i Oslo ønskjer eit samarbeid med Sande-senteret og vil vere med å få fram dei nye fortellingane, dei uskrivne tekstane. Ein ser for seg eit samarbeid mellom 5 tettstadar i Europa som kvar skal plukke ut 5–10 unge forteljande og skrivande. Dei unge skal gjennom 2 år arbeide med utvikling av forteljingar, tekstar, uttrykk som speglar unge stemmer og stemningar i Europa. Dei unge får tilgang på mentorar innan forteljing og vil både jobbe lokalt og møtest for kurs, verkstader, visningar. Prosjektet skal kan ende i ein bokproduksjon, teaterframningsyningar, film og samtaler. Prosjektet kan starte 2020 og vil kunne bli ein motor for internasjonal merksemd. Det vil her vere naturleg med samarbeid med Nordisk kunstnarsenter og UWC.

Det levande ordet- program for forteljing og samtale og ein levande utstilling

Sidan 1991 har Sande-selskapet fått opp utstillinger, formidlingsmateriell og arrangert / vore vertskap for litterære kveldar. Det er samstundes eit stort potensiale i å utvide dette i innhald, omfang, geografisk nedslagsfelt og gjere forfattarskapen og forteljingane tilgjengeleg for langt fleire.

Program for forteljing og samtale

Vi ønskjer å få opp eit **program for forteljing og samtale**, med 12–20 arrangement årleg. Programmet skal invitere næringsliv, akademia, kulturlivet, politikarar og folk flest til møter/samtaler rundt spørsmål om bærekraft, kultur, filosofi og ressursar i Desse arrangementa vil finne stad ulike stadar i regionen, som frukostmøter eller litteraturkveldar. Programma vil kunne ta utgangspunkt i forfattarmøte og samtalar mellom folk frå ulike bransjar og fagområder. Det er vidare interessant å skape forfattarmøter mellom Sande og kunstnarar som var i hans liv eller kan setje nytt lys på forfattarskapen. T.d. Halldis vs. Jakob, Burns, Heine vs. Sande, Ferlin vs. Sande, Cohan vs. Sande. Det er også interessant å få fram nye stemmer frå Vestlandet, det er interessant å setje lys på danningstekning og bærekraft ved møte med ulike filosofiske retningar, som t.d. Gadamer og danningstenking. Programma kan også innebere ei nærlæsing av eitt dikt eller forteljing av Sande og skape samtalar i djupna av tekstane. Sande-selskapet og biblioteka vil kunne stå som hovudansvarlege og eit detaljert program vil bli utforma hausten 2019. Arrangementa kan skje på Klokkgarden, biblioteka, på Åmot gard, Gaular, Astrup tunet, Sande-senteret kan vere hovudansvarleg for gjennomføring av programmet, i samarbeid med dei ulike miljøa.

«Det er stort potensial for utvikling av arven etter Jakob Sande. For biblioteka vil særleg produksjonar som koplar forfattarskap, gjerne i form av mindre oppsetjingar eller litterære samtalar, vere interessante.»

Fylkesbibliotekaren Siri Ingvaldsen

Ein levande utstilling

Det er fleire tettstadar på Vestlandet som har hatt ei viktig rolle innan danningshistoria, som t.d. Voss og Volda, men på eit særskilt vis har Dalsfjorden vore eit kraftsenter for skapande arbeid og skule og entreprenørskap. Eit interessant perspektiv er at Sande i sin dikting ikkje representerte den type tenking som einsidig idylliserte bygda, men viste fram eit mangfold av perspektiv og folk, og får lesaren sjølv til å sjå, ta stilling. Det er vidare noko overraskande at Nikka Vonens og hennar arbeid for jenter, for ei friare undervisning, det frie ordet og nynorsk ikkje har fått ein større plass i kulturhistoria. Vonens sitt arbeid fann stad over 50 år før stemmerett for kvinner blei innført. Denne delen av danningshistoria er svært interessant som inspirasjonskjelde for korleis ein i dag går i dialog, samarbeider på tvers av kultur og bakgrunn og utvidar perspektiv/innsikt og korleis unge menneske kan finne sitt uttrykk. Det vil også vere interessant i ei slik historieforteljing å sjå korleis kunstnarar (mfl.) frå bygdene sette dagsorden for utvikling av institusjonar i byane (som t.d. Bondeungdomslaget i Oslo, der Sande debuterte).

Sande-senteret ønskjer å utvikle ei levande utstilling med utgangspunkt i Sande sin kunstnarskap og danningshistoria. Dette skal skje gjennom fysisk tilrettelegging og levande og digital forteljing.

Utstillinga skal finne stad på Klokkgarden, Kobberskjeret, Tusenårsstaden i Dalsfjorden og andre relevante stadar i regionen som fortel om Sande si samansette dikting og song og om nynorsk litteraturhistorie. Utstillinga skal fortelje om det å sjå folk omkring seg, om bygda som møteplass og kamparena, om skulehistorie, lagsarbeid og entreprenørskap, framveksten av norskdomsrørsla, handverk, kunst og danning. Målgruppa for denne utstillinga kan i første omgang vere familiar og turistar³ og ein del av ei større reiselivssatsing på vestlandet. Vi ønskjer å få gjennomført eit forprosjekt som fastlegger innhald, dramaturgi og organisering våren 2020 og opninga av viktige

³ Sogn og Fjordane skal bli ein av dei fremste regionane i verda for berekraftige, naturbaserte opplevingar med høg kvalitet.

element i utstillinga bør vere på plass sommar 2020. Sunnfjord museum har også uttrykt ei interesse av å delta og andre relevante samarbeidsparter er biblioteka, reiselivsnæringa, DKS mfl.

Då Gud held fest i Fjaler- scenekunst

Jon Eikemo og Vidar Sandem si legendariske framsyning med utgangspunkt i Sande sitt diktarskap, sendt på NRK i 1993, har vore med å prega synet på Sande. I 1992 dramatiserte Rolf Losnegård *Jubelhornet* som blei ein stor musikkteaterproduksjon med amatørar og profesjonelle involvert. Under Teaterfestivalen i Fjaler har Sande vore inspirasjonskjelde, det er blitt forfatta nye tekstar, ny musikk og produksjonar. I Sande sin poesi, song, persongalleri og forteljingar er det samstundes eit stort scenisk materiale som ikkje er teke i bruk. Vi ønskjer at det blir skapt fleire **sceniske (forteljar)framsyningar** – eit møte mellom folk og Sande si verd. Ei slik satsing vil vere naturleg å få til i samarbeid med Sogn og Fjordane teater, eventuelt også Hordaland Teater, Teaterfestivalen, Nynorskens hus, Dramatikkens hus i Oslo, studentar ved Kunsthøgskulen, OsloMet mfl. Det kan både vere aktuelt med produksjonar der barn og unge står på scenen (FABEL), produksjonar for unge med profesjonelle på scenen, produksjonar retta mot eit vakse publikum, eller eit samarbeid mellom profesjonelle og amatørar. Produksjon vil naturleg bli leia / drive fram av dei ulike teater-/kunstmiljø, men Sande-senteret vil kunne bidra med ressursar i utviklingsarbeid (preproduksjon/forprosjekt). I første omgang ønskjer vi at det blir øyremerka ein sum kan gå til utvikling av manus / kunstnarlege ulike konsept. Senteret må også ha kapasitet til å få på plass organisering/samarbeid med ulike kunst- og kulturorganisasjonar. Produksjon retta mot barn- og unge vil kunne vere ein del av Den kulturelle skulesekken og gjerne med verkstadar innan forteljing, poesi, tekstutvikling som del av produksjonen. Sande-senteret skal vere ansvarleg for denne preproduksjonen som allereie kan innebere framsyningar hausten 2020.

Ormeljod – song, komposisjonar og konsertar

Sande er ein av dei forfattarane som har fått flest tekster tonesett, men det er eitt stort ubrukt materiale i Sande sin forfattarskap som er interessant for nye komposisjonar. Vi ønskjer å invitere inntil fem kjente komponistar innan ulike sjangrar (t.d. kormusikk, heavy metal, folkemusikk, visesong) til å setje musikk til Sande tekstar. Vi vil også invitere inntil tre tekstforfattarar/musikarar til å nyskrive ein tekst/musikk inspirert av Sande si diktning. Prosjektet bør kunne ende i ein konsertserie med nye og eksisterande komposisjonar på vestlandet. Ein slik konsertserie kan også vere ein slags stafett, der ulike folk, miljø syng Sande, inspirert av Sande og med konsertar ulike stader i landet, som t.d. Nynorskens hus/Bondeungdomslaget og Visens venner i Oslo. Eit første innslag på t.d. TV bør kunne skje allereie jula 2019, da bør t.d. Det Norske Jentekor (som både har ein ny og gammal versjon av «Det lyser i stille grender») synge jula inn med bilete frå Vestlandet, frå Dale. Sande-senteret skal vere prosjekteiar.

Klokkgarden

Bygningane i Klokkgarden er klare til bruk. Det er gjort tunge investeringane dei siste åra på Løa og Våningshuset på Klokkgarden. I tida framover er det planlagt nokre utbetringar og investeringar: utbetring av inngangsparti for våningshuset (2020), restaurering av bestefarsstaua, omgjering/restaurering av garasjen til t.d. cafe/bakeri og eventuelt få opp eit permanent tilbygg til løa (2020-2023). Det vil også vere aktuelt med restaurering av andre bygningar på Tusenårsstaden (som t.d. skulen), men dette kjem vi tilbake til i seinare søknadar / andre søknadsordningar.

Det lyser i stille grender – oppgåver for ein liten og kraftfull administrasjon:

I tillegg til å leie prosjekta overfor skal Sande-senteret ha ansvaret for følgjande oppgåver:

Bidra med **kapasitet til produksjon av Teaterfestivalen**. Alle nynorsksentra har ein eigen festival (t.d. Poesifestivalen i Ulvik knytt til Hauge-senteret, Dei nynorske festspilla – Ivar Aasen-tunet). I Sande si heimbygd er det allereie ein viktig og svært god festival. Festivalen skaper nye framsyningar, der forteljingar står sentralt, brukar Sande som inspirasjonskjelde, den er vertskap for noko av det beste landet har å by på innan fortelje- og scenekunst og den retter skarpe blikk på samfunnet og bidrar til dialog og samarbeid mellom ulike miljø (kunstnarar, næringsliv, Vevang, akademia). Festvalen er skapt gjennom frivillig arbeid, men får også støtte av kulturrådet til det kunstnarlege produksjonar. Det er i dag ikkje ressursar til å lønne produsenten/administrasjonen. Festivalen skal ha eit sjølvstending kunstnarleg ansvar, men det er riktig og naturleg at Sande-senteret bidrar med ressursar til ein produsent og administrasjon av festivalen.

Styrke vertskapet, legge til rette for **arena for handverk** (bakeri osv.) og sikre **drift, utleige, vedlikehald** av garden. Klokkgarden vil i tida framover bli mykje meir besøkt av ulike folk. Garden vil vere hovudsete for utstilling og ulike arrangement. Garden er også mogleg å leige til offentlege eller private arrangement. Garden er vil vere bustad for forfattarar som er der lengre tid av gongen. Rolla som vertskap er svært viktig og selskapet får gode tilbakemeldingar frå dei som kjem. Vertskapet skaper ein heim, dei har stor kunnskap og evne til å sjå folk.

Sande-senteret må ha ein ansvarleg tun-vert som del av administrasjonen. Tun-verten har ansvar for guidane/forteljarane, for at folk som kjem til garden blir tatt godt imot. Tun-verten vil også ha ansvar for sal av produkt knytt til senteret, drift av ein eventuell cafe/bakeri t.d. i samarbeid med frivillige lag.

Sande-selskapet har bidrige til å få fram gjenutgivingar, tenking, nye tekstar og fagartiklar om Sande si verksemd og ein biografi. Produksjonane som er omtalt ovanfor bør på ulikt vis også produsere skriftleg materiell om Sande og forteljekunst. Det er også både mogleg å svært relevant å få bachelor-, master- og doktorgrad(er). Sande-senteret skal ha ei aktiv rolle i få fram denne type materiell og sikre at dette blir presentert på relevante vis. Dette krevjar styrke kapasitet og kompetanse som må lønnast. Organisasjonen må også utvikle ein nettstad, sosial og teknologisk plattform for **kommunikasjon**. Her er gode moglegheiter for samarbeid med det sterke IT-miljøet i Dalsfjorden,

I løpet av dei 3 første åra skal **organisasjonen** få opp strategiar, handlingsplan, eit opplegg for økonomistyring og forretningsmodell og skape grunnlag for vekst. Administrasjonen må få fram søknader om støtte frå private aktørar mv og gjere synleg resultat. Administrasjonen skal få på plass formelle avtalar med destinasjon og kulturorganisasjonar det er relevant å ha samarbeid med.⁴

⁴ *Forteljemiljø og nynorsksentre i Noreg det kan vere naturleg å samarbeid med:* Teaterfestivalen i Fjaler, Biblioteka, Nynorsk kultursentrums (og Aasen, Hauge, Vinjesenteret), museum Vestlandet, Regionteatrene Vestlandet (eventuelt Det Norske Teatret), organisasjon for munnleg forteljing- Memorana (som også arbeider med eit initiativ om eit senter for munnleg forteljing i Bergen), *opplevingsdestinasjonar i regionen som Åmot gard, Gaular, Astrup tunet*, Nynorskens hus Bergen/Nynorskens hus Førde, Nynorskens hus og Den mangfoldige scenen i Oslo, initiativ om senter for munnleg forteljing Vestlandet (memoar), Fortellerhuset i Oslo, Fortellerfestivalen i Oslo, Fortellerkunst Høgskolen i Oslo og Bergen, Midtnorsk fortellerforum

Sagt om Jakob Sande

«Han var ein ny varde for dei unge, endå fyren ikkje hadde fylt 23 år. Ein farleg fyr» Kolbein Melvær
(DNT)

«Sande fortel og skildrar. Psykologiske forklaringar gjev han ikkje. Men ..personane stend sterkt. Hogne ut. Lesaren lyt sjølv forklåra dei, um han maktar det. (O. Hauge)

«Her er sølvklokkeklang i språket, og han skriv seg inn som ein fornyar av nynorsk diktning.»

«Me ser det **elle** som den breidaste lina gjennom all hans diktning dette, at han ber slæparen, lidaren, syndaren gjennom alt nederlag opp att til gudsriket der dei meiste sikre kan koma. Dei som «dei som har nydt sit gode i sin livstid» -- det kraftigste draget i all **hahns** diktning at han tek hand um det hjelpelause og forkomne»

«Han er språkleg ein fornyar og ein attfunden gløymt tone»

«Han har ein plass blant dei fremste vi har (Johs A Dale, etter Storm i vest (17de mai))»

«Kunstnarleg stend boka på høgd med det beste som er skrive på nynorsk... (Ragnvald Muri)»

«Frihetsfølelsen og den medmenneskelige samvittighet går som varm understrøm. Han går helt og fullt inn for de følelser som beskjeler han (Rudolf Hultengreen).

Han gir «innsikt i sosiale univers og harme over undertrykking» Johannes Gjerdåker

«Songlyrikaren, Jakob Sande er noko for seg sjølv. Vill og uregjerlig som Grimsborken kan han knuse glassberget så alle får splint i øyet og ser like skakkjørt og vakkert som han gjør det.. (Alf Prøysen)

«Han var ein fornyar – tok kvordanen inn i dikta og dikta inn i kvordanen.»

VEDLEGG 1 Driftsbudsjett

| BUDSJETT 2020–2023 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|----------------|----------------|----------------|
| Utgifter | | | |
| LØNN/HONORAR TIL TILSETTE I SENTERET 1) | | | |
| Kunstnarleg og administrativ leiing (50% stilling) | 500000 | 500000 | 500000 |
| Medarbeidar litteraturformidling, forteljar (50% stilling) | 500000 | 500000 | 500000 |
| Søknadsskrivar, produsent, administrasjon (50% stilling) | 500000 | 500000 | 500000 |
| Tun-vert (25% stilling) | 250000 | 250000 | 250000 |
| Kommunikasjon (25% stilling) | 250000 | 250000 | 250000 |
| FRIE PRODUKSJONSMIDLAR | | | |
| Fabel (honorar instruktørar 700 kr. timen) | 150000 | 150000 | 260000 |
| Da Daniel drog (honorar og reise, forfattarar mv.) | 90000 | 90000 | 90000 |
| Frå Sunnfjord til Rio (opphold, reise, honorar mentorar) | 150000 | 150000 | 150000 |
| Det levande ordet (kuraterin, honorar fofattar/kunstnarar, materiell) | 400000 | 300000 | 300000 |
| Då Gud held fest (manus og produksjonsbidrag) | 250000 | 400000 | 400000 |
| Ormeljod (honorar komponistar og konsertar) | 150000 | 150000 | 150000 |
| Klokkgarden (restaurering/oppbygging) | 140000 | 290000 | 300000 |
| DRIFT EIGEDOM | | | |
| Driftskostnader eigedom (renter, løpande vedlikehald) | 320000 | 320000 | 320000 |
| TOTAL KOSTNAD | 3650000 | 3850000 | 3970000 |
| Inntekter | | | |
| OFFENTLEGE | | | |
| kommunane | 500000 | 500000 | 500000 |
| fylkeskommunen | 1000000 | 1000000 | 1000000 |
| Statsbudsjettet, kulturdepartementet | 1300000 | 1400000 | 1500000 |
| ANDRE | | | |
| Den mangfoldige scenen | 20000 | 50000 | 20000 |
| Samarbeidsparter | 80000 | 150000 | 150000 |
| <i>Næringsliv og stiftingar</i> | 500000 | 500000 | 450000 |
| PUBLIKUMSINNTEKTER | | | |
| Sal | 50000 | 50000 | 100000 |
| Leige | 100000 | 100000 | 100000 |
| Inntekt arrangement | 100000 | 100000 | 150000 |
| TOTAL INNTEKT | 3650000 | 3850000 | 3970000 |

1) Alle beløp inkluderer sosiale kostnader, feriepengar og arbeidsgivaravgift.